

# Behov for rettsleg vern av myr.

Professor Ingunn Elise Myklebust,  
Det juridiske fakultet

Foto: Langåsmyra, Ørsta, Ingunn Elise Myklebust



# Innleiing

- Kva er myr?
- Kvifor er vern av myr viktig?
- Rettsleg regulering i dag og i framtida.



Foto: Alexander Sinn



# Kva for tiltak truar myra?

- Bygging av veg, **fritidsbustadar** og andre bustadar
- Grøfting og drenering
- Oppdyrkning til jord- og skogformål
- Uttak til brensel og torv
- Klimaendringar (palsmyrar)



# Rettsleg regulering av myrareal i dag:

- **Plan- og bygningslova er pr. i dag den sentrale lova her:**
  - Kommunen bestemmer kvar det kan byggjast.
  - Krav til prosess og KU.
  - Har ingen forbod mot bygging på myr.
- **Andre rettslege verkemiddel:**
  - Naturmangfaldlova:
  - Jordlova har reglar om nydyrkning av myr, jf. § 10 og § § 11 (ikkje i kraft).
  - Skogbrukslova og forskrifter.
- Andre verkemiddel: Restaurering av myr, avgiftssystem m.m.



## Bit for bit nedbygging:

- Kommuneplanar ofte svakt styringsgrunnlag.
- Plikt til reguleringsplan ved «større bygge- og anleggstiltak», jf. § 12-1.
- Private planforslag skal følgje opp «hovudtrekk og rammer» i kommuneplanen sin arealdel, jf. § 12-3 tredje ledd.  
Men siste plan går først, jf. § 1-5.
- Prosessen blir viktig, men er ikke særleg retta mot nedbygging av verdifullt areal, som t.d. ikkje krav sakshandsaming og eventuelt KU ved bustad og hyttefelt som er under **15 daa**, jf. forskrift og rettleiar.



# Auka statleg styring og kontroll. Godt nok?

- **Kva er ei «nasjonal» eller regional interesse?**
  - Statleg styring gjennom motsegn, jf. § 5-3 første ledd, «nasjonal- eller vesentlig regional betydning».
  - Sterkare styring gjennom regelverk om motsegn, nasjonale forventningar og SPR, Klima § 4.3.
- **Sivilombodet strammar grepet særleg om prosesskrav, jf. t.d. SOM 2022-1374, 1377, SOM-2022-3102**
- *Bør vi ha reglar som liknar meir på byggjeforbodet i 100-metersbeltet?*



# Lovendringar på gang:



- Stortinget (sak Innst. 2 S (2022-2023, vedtak 108) ber Regjeringa leggje fram forslag om forbod mot nedbygging av myr.
- Oppdrag fra Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet om utredning av forbud mot nedbygging av myr, 16. mars 2023. Frist: 1.12.2023.
- Grunnlagsmateriale etter oppdragsbrev 5.7.2021 og 21.1.022, levert Klima- og miljødepartementet, 29.06.2022.



# Aktuelle nye rettslege verkemiddel:

- 1) **Forbod mot bygging på myr** (kvar, type myr, aktuelle tiltak, unntak, osb)
- 2) **Tydelegare prosesskrav: (styrer også utbyggjar over på andre areal)**
  - Tydeleggjering av staten sine forventningar for arealplanlegging.
  - Sterkare føringar i saker om motsegn
  - Skjerping av krav til KU, med t.d. *lågare terskel* for KU ved nedbygging av myr, men også med krav til vurdering av klimagassutslepp og klimarekneskap (innhald).
- 3) **Auke kunnskapsnivået**

Andre verkemiddel: t.d. avgift, tilskot m.m.



# Spanande prosess:

- **Endringar vil:**

- Positive verknader for klima og naturmangfald.
- Reduserer høve til å realisere utbyggingsprosjekt.
- Føre til risiko for auka press på andre areal, som t.d. jordbruksareal og skog.

- **Er slike lovendringar innafor overordna rettslege rammer?**

- Sml. diskusjonar ved innføring av byggjeforbod av 100-meterbeltet i ved mellombels lov av 25. juni 1965 nr. 5 og Högsterett i Rt. 1970 s. 67, Strandlovdommen.
- Grunnlova § 105.
- EMK P1-1.

- Alle illustasjonsfoto henta frå <https://unsplash.com/s/photos/paragraf>



---

Takk for merksemda